



Kurs i tradisjonshandverk & restaurering - den lokale stavkonstruksjonen

Fortidsminneforeningen i Ryfylke har sett i gong eit prosjekt for å få reist stavløa på Håheller. I den samanheng inviterer me handverkarar og andre interesserte til kurs i den lokale stavkonstruksjonen.



FORTIDSMINNEFORENINGEN
Ryfylke lokallag



*Me vil reisa att lòa,
tradisjonen
& handverket*

Kurset er praktisk retta der kursobjektet er ei gamal stavløe som skal restaurerast for oppsetting på gamle tufter på Håheller i Lysefjorden. Kurset er delt i to deler.

DEL 1 | HAUST 2018 | STAD: HEIA

Kurset vil omfatta dokumentasjon, tilstandsvurdering og tiltak ut i frå antikvariske retningslinjer, tilvirking av stokkar og kopiering av delar som skal erstattast, verktøybruk og behandling av verktøy.

DEL 2 | 2019 | STAD: HÅHELLER

Kurset i 2019 vil omfatta reising av lòa på Håheller, tekking og kledning.

PRAKTISK INFO

Kurset er gratis. Deltakarane har med niste når ikkje anna blir opplyst. Kurset held

kaffi. Overnatting for dei som ønskjer i lavo på staden. Ta med handverktøy dersom du har.

Det vil bli mulig å få meir praksis i tida mellom helgene under leiing av instruktør Jan Gunnar Helmikstøl. Andre instruktørar vil vera: Stian Asheim, Kirsten Hellerdal Fosstveit, Stina Ekelund Erlandsen.

PÅMELDING

Har du spørsmål, eller vil du melda deg på? Ta kontakt på epost ryfylke@fortidsminneforeningen.no eller på mobil til Jan Gunnar Helmikstøl 906 87 120 | Grete Holmboe 480 01 359.

Bli med på det som passar! Sjå detaljert kursprogram for nærare informasjon om datoar, kursstad m.m.

Dato	Tema	Aktivitet	Stad	Instruktørar/ansvarlege
Fredag 14. sept. kl 13 - 19	Dokumentasjon av gamal løe. Sjå på kjelder.	Teori og praksis	Nesvegen, Heia <i>sjå kart</i>	Kirsten H. Fosstveit Stian Asheim
Fredag 14. sept. kl 19 - 21	Stavkonstruksjonen	Foredrag Kveldsarrange- ment	Heia skule	Grete Holmboe Sven Hoftun
Laurdag 15. sept. kl 9 - 17	Antikvarisk restau- rering	Teori og praksis rundt gamal løe	Nesvegen, Heia <i>sjå kart</i>	Stina E. Erlandsen Stian Asheim
Måndag 17. sept. ↓ Onsdag 19. sept.	Antikvarisk restau- rering	Praksis	Nesvegen, Heia <i>sjå kart</i>	Stian Asheim, Jan Gunnar Helmikstøl
Kursperiode 20. sept. ↓ 25. okt.	Praktisk restaurering	Praksis	Nesvegen, Heia <i>sjå kart</i>	Jan Gunnar Helmikstøl
Fredag 26. okt. kl 13 - 21 ↓ Laurdag 27. okt. kl 9 - 17	Praktisk restaurering	Kopiering av delar som skal skiftast ut	Nesvegen, Heia <i>sjå kart</i>	Jan Gunnar Helmikstøl m.fl.
Laurdag 27. okt. kl 13 - 15	Familearrangement	Praktiske opp- gåver	Nesvegen, Heia <i>sjå kart</i>	Jan Gunnar Helmikstøl m.fl.
Kursperiode 29. okt. ↓ 22. nov.	Praktisk restaurering	Praksis	Nesvegen, Heia <i>sjå kart</i>	Jan Gunnar Helmikstøl
Fredag 23. nov. kl 13 - 21 ↓ Laurdag 24. nov. kl 9 - 17	Praktisk restaurering	Samanføringar og reising av løa	Nesvegen, Heia <i>sjå kart</i>	Jan Gunnar Helmikstøl m.fl.
Laurdag 24. okt. kl 13 - 15	Ope arrangement	Praktiske opp- gåver	Nesvegen, Heia <i>sjå kart</i>	Jan Gunnar Helmikstøl

Kurs del 1 - hausten 2018

Mai 2019 *	Stavkonstruksjonen	Reising av løa på restaurerte løemurer	Håheller. <i>Overnatting i telt og lavo</i>	Stian Asheim, Jan Gunnar Helmikstøl
September 2019 *	Taktekking	Legging av ga- mal tegl	Håheller. <i>Overnatting i telt og lavo</i>	Jan Gunnar Helmikstøl
September 2019 *	Bordkledning	Bordkle løa	Håheller. <i>Overnatting i telt og lavo</i>	Jan Gunnar Helmikstøl
Oktober 2019 *	Markering av ferdig løe	Fellestur	Håheller	Grete Holmboe

Kurs del 2 - 2019

* Meir informasjon kjem

Følg med på nett for oppdatert informasjon:



facebook.com/fortidsminneforeningenryfylke




fortidsminneforeningen.no/dette-skjer

Kursstad

Kurs hausten 2018
går føre seg på Heia
(mellom Tau og
Jørpeland).

Kartkoordinatar:
59.04673N |
5.95727Ø



Kurset er eit samarbeid med Ryfylkemuseet og er støtta av:

- Vestenfjelske Bykreditts stiftelse
- SMIL midler v/Forsand kommune
- Fortidsminneforeningen KULTURMINNER FOR ALLE
- Studieforbundet Tradisjon og Kultur